

Møtebok sak 076/10

KOMMUNEPLAN FOR NORD-FRON 2011 - 2022 - AREALDELEN: 1.  
GONGS BEHANDLING

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Plan- og næringsutvalet	076/10	31.08.2010	ASK

Saksansv.: Per Oluf Solbraa	Arkiv: 142	Arkivsaknr.:	08/383
		Journalpost:	10/6939

**Vedlegg:**

1. Kommuneplan for Nord-Fron 2011 – 2022, Arealdelen:
  - a. Plankart for heile kommunen. Utkast av 30.08.2010. (Blir delt ut i møtet.)
  - b. Plankart for enkelte delområde. Utkast av 30.08.2010. (Blir delt ut i møtet.)
  - c. Planføresegner. Utkast av 23.08.2010.

**Utrykte vedlegg:**

1. Møtebok frå sak 36/10 i Plan- og næringsutvalet sitt møte 23.03.2010.
2. Møtebok frå sak 30/10 i Plan- og næringsutvalet sitt møte 09.03.2010.
3. Møtebok frå sak 124/09 i Plan- og næringsutvalet sitt møte 10.11.2009.
4. Planprogram for Arealdelen av kommuneplanen. Vedteke av kommunestyret i møte 27.10.2009.

**Bakgrunn for saka:**

Med bakgrunn i vedteke Planprogram for arealdelen av kommuneplanen (jf. utrykt vedlegg 4) har plan- og næringsutvalet i tre saker i 2009 og 2010 drøfta og vedteke kva for areal og endringar i regelverket som skal innarbeiddast i den nye kommuneplanen, jf. utrykte vedlegg 1 – 3. På denne bakgrunn har administrasjonen nå fått utarbeidd forslag til kart og føresegner som går fram av vedlegg 1 a – c. Føresegner er utarbeidd i administrasjonen, mens plankartet er utarbeidd av konsulentfirmaet Planråd AS, Lillehammer. Her er alle vedtaka i dei tre sakene følgd opp, i utkast til plankart og -føresegner. Planframlegget blir nå lagt fram for fyrste gongs behandling i plan- og næringsutvalet. Med bakgrunn i drøftingane i utvalet er det lagt opp til å sende framlegget ut på høyring i løpet av september 2010. I samsvar med Planprogrammet, vil det også bli nødvendig med ei andre høyring, truleg vinteren/våren 2011. Endeleg behandling av planen bør da kunne skje i juni 2011.

**Planfagleg vurdering:**

Arbeidet med kommuneplanen har denne gongen vore meir utfordrande og krevjande enn tidlegare. Årsaka til det er at planen må utarbeiddast etter ny plan- og bygningslov, som tok til å gjelde frå 01.07.2009. Den nye lova skil seg på fleire punkt frå den gamle, både når det gjeld kartframstilling og regelutforming.

Det utkastet som nå er lagt fram må vurderast som eit fyrsteutkast. Det blir nødvendig å bearbeide dette vidare. Noko av dette gjeld redaksjonelle og formelle spørsmål som bør forberast før planen blir send på høyring i september. I tillegg vil det i høyringsperioden sikkert koma mange merknader til utkastet, og som vil gjera det nødvendig å omarbeide og

forbetre framlegget vesentleg. Det vil gjelde både formelle spørsmål, karttekniske spørsmål og meir innholdsmessige spørsmål.

Planframlegget inneber at den nye kommuneplanen skal gjelde for heile kommunen, likevel med unntak for dei områda som er omfatta av tidlegare vedtekne reguleringsplanar.

I tillegg til reguleringsplanane, har kommunen ein kommunedelplan for Frydalen og to disposisjonsplanar, for Nysetra i Skåbu og Steindalshøgda på Sødorpfjellet. Kommunedelplanen for Frydalen er nå innarbeidd i utkastet til ny kommuneplan, så langt det er relevant etter at delar av Frydalen i 2003 vart verna etter naturvernlova (landskapsvernområde og naturreservat). Dei to disposisjonsplanane er 30 år gamle og regelverket for desse er svært mangelfullt. Regelverket for LNF-områda i kommuneplanen er vesentleg meir utfyllande. Dei siste åra har det også vore svært liten byggjeaktivitet i desse områda. Det er derfor gode grunnar til at kommunen vedtek å oppheve begge desse planane, og at framtidig utbygging i desse to hytteområda blir styrt av reglane i kommuneplanen.

Kommunestyret vedtok Kommunedelplan for E6 Kvam – Sel grense i møte 13.04.2010, sak 21/10 og reguleringsplan for E6 Sør-Fron grense – Ruste i møte 15.06.2010, sak 48/10. Tidlegare er traseen for ny E6 gjennom Lomoen vedteke i reguleringsplan for Lomoen næringsområde i 2006. I tillegg arbeider Statens vegvesen og kommunen nå med regulering av E6-traseen frå Lomoen til Kvam, etter to alternativ. I det nye kommuneplankartet er alle desse delane av E6 innarbeidde, for strekninga mellom Lomoen og Kvam i to alternativ.

Hovudinnhaldet i utkastet til ny arealplanen omfattar ein del viktige endringar i regelverket (planføresegnene) og ein del nye areal for bustadbygging på Vinstra og i Kvam, eit nytt næringsareal i Ruste og fire nye hytteområde i Skåbu, Tverrbygda, Kvikne og Skjedalen.

I Planprogrammet som kommunestyret vedtok i oktober 2009 var det lagt stor vekt på at planen også skulle leggje vekt på tettstadutvikling, særleg på Vinstra, men også i Kvam i samband med ny E6. Dessverre har det ikkje vore kapasitet i kommunen til å arbeide nok med denne problematikken. Innsatsen for tettstadutvikling har mest vorte avgrensa til ein viss revisjon av reguleringsplan for Lomoen næringsområde. Denne planen var på høyring våren 2010, og skal på andre høyring hausten 2010. I tillegg har kommunen delteke i arbeidsgrupper om tettstadutvikling i regi av Midt-Gudbrandsdal Næringsforening.

Det planframlegget som nå blir lagt fram lir derfor av ein vesentleg mangel, nemleg fråveret av ei heilheitleg vurdering av korleis tettstaden Vinstra skal utviklast, der areala både på aust- og vestsida av Lågen er med i diskusjonen. I tillegg manglar ei tilsvarande vurdering av tettstaden Kvam. I den vidare planprosessen må det derfor bli sterkt fokus på desse problemstillingane, slik at planen ved andre høyring er vesentleg meir fullstendig.

Heilt på tampen av arbeidet med dette planutkastet har det kome framlegg frå eigarane av Skåbu Hytter og Camping (Gnr. 213 bnr. 19 Søreng) om at delar av deira eigedom i kommuneplanen blir vist for *fritids- og turistføremål*. Dette vil vera i samsvar med faktisk bruk av området i dag og eigarane sine planar for utviding av aktiviteten i framtida. Eg tilrår derfor at også denne endringa blir tek inn i den nye kommuneplanen.

Den nye plan- og bygningslova stiller krav om at konsekvensane av alle nye framlegg i kommuneplanen må utgreiast og dokumenterast. For å følgje opp dette har kommunen engasjert firmaet Miljøfaglig Utredning AS til å gjera miljøfaglege kartleggingar av dei nye bustadområda på Vinstra og Kvam og av næringsområdet i Ruste. I tillegg vil kommunen og

Planråd AS samarbeide om å utarbeide ein del andre konsekvensutgreiingar. Dette materialet skal utarbeidast i september og skal følgje planen når denne blir send på høyring.

Den nye lova stiller også krav om at det skal utarbeidast ROS-analyse (Risiko- og sårbarheitsanalyse) for dei nye utbyggingsområda. Også dette vil bli utarbeidd av kommunen og Planråd AS og send ut saman med høyringsdokumenta.

#### **Rådmannsleiinga si vurdering:**

Administrasjonssjefen legg saka fram for Plan- og næringsutvalet med slik:

#### **Innstilling:**

1. Plan- og næringsutvalet vedtek å leggje ut framlegg til Kommuneplan for Nord-Fron 2011 – 2022, Arealdelen til offentleg ettersyn og høyring slik planutkastet går fram av vedlegg 1 a – c, med slike tillegg/endingar:
  1. Delar av eigedommen 213/19 Søreng i Skåbu blir markert som reiselivsområde.
  2. ....
  3. ....
  4. Administrasjonssjefen får fullmakt til å gjera redaksjonelle, praktiske og tekniske endingar i plankartet og planføresegnene, og utarbeide konsekvensutgreiing og ROS-analyse som skal følgje planforslaget.
2. Plan- og næringsutvalet gjer samtidig framlegg om å oppheve følgjande planar:
  - Disposisjonsplan for Nysetra i Skåbu av 15.08.1980.
  - Disposisjonsplan for Steindalshøgda av 20.10.1980.

#### **PNU-076/10 31.08.2010 Behandling:**

Administrasjonen gjekk gjennom kartgrunnet, med spesiell fokus på endingar i forhold til gjeldande kommuneplan.

Kommunalsjefen orienterte om at det framover vil bli redusert planleggingskapasitet i kommunen, og at dette m.a. kan påverke framdrifta av kommuneplanen. På neste PNU-møte vil det bli lagt fram korrigert / oppdatert oversikt over planoppgåver med framdriftsplan i 2010 og 2011.

Administrasjonen la fram slik forslag til pkt. 1.2:

Det blir innarbeidd eit pkt. 4.7 i føresegnene om bygging i verneområda. Pkt. 7 blir justert tilsvarande.

Olav Røssum la fram slikt framlegg til pkt. 1.3:

Administrasjonen får fullmakt til å justere pkt. 1.8.4, 1.8.5 og 4.2 på bakgrunn av drøftingane i møtet.


Innstillinga vart samrøystes vedtatt med nytt pkt. 1.2. og 1.3

#### **PNU-076/10 31.08.2010 Vedtak:**

1. Plan- og næringsutvalet vedtek å leggje ut framlegg til Kommuneplan for Nord-Fron 2011 – 2022, Arealdelen til offentleg ettersyn og høyring slik planutkastet går fram av vedlegg 1 a – c, med slike tillegg/endingar:
  - 1.1 Delar av eigedommen 213/19 Søreng i Skåbu blir markert som reiselivsområde.
  - 1.2 Det blir innarbeidd eit pkt. 4.7 i føresegnene om bygging i verneområda. Pkt. 7 blir justert tilsvarande.

- 1.3 Administrasjonen får fullmakt til å justere pkt. 1.8.4, 1.8.5 og 4.2 på bakgrunn av drøftingane i møtet.
- 1.4 Administrasjonssjefen får fullmakt til å gjera redaksjonelle, praktiske og tekniske endringar i plankartet og planføresegnene, og utarbeide konsekvensutgreiing og ROS-analyse som skal følgje planforslaget.
2. Plan- og næringsutvalet gjer samtidig framlegg om å oppheve følgjande planar:
- Disposisjonsplan for Nysetra i Skåbu av 15.08.1980.
  - Disposisjonsplan for Steindalshøgda av 20.10.1980.

Nord-Fron, 01.9.2010.



Astrid Vadet